

# Emnedatakomiteen

## Referat frå møte 22. mai 2023

Til stades: Guro Bø (Deichman), Rine Gjerken (Bokbasen), Vibeke Stockinger Lundetræ (UiO), Anders Meyn Jensen (NB), Ingebjørg Rype (NB), Marit Kristine Ådland (Oslomet), Hege Nenseth (Biblioteksentralen)

Forfall: Asbjørn Risan (SIKT)

Referent: Marit Kristine Ådland

### **01:23 Godkjenning av innkalling og dagsorden.**

### **02:23 Godkjenning av Referat 2:2022**

### **03.2023 Bruk av Marc-felt 008/24-27 og 008/33-34. (Se Vedlegg til sakslisten )**

Nasjonalbiblioteket slutta å bruka desse felta då Norsk tesaurus for sjanger og form (ntsf) vart teken i bruk, med unntak av skjønnlitterærkode i 008/33. I UB-sektoren er det ønske om å ha desse kodane i tillegg til bruk av ntsf, blant anna fordi dei er i bruk i utanlandske postar.

Elles er bruk av kodane eventuelt ei sak for Katalogkomiteen, og må sendast dit.

EDK anbefaler også at det kan skiljast mellom omgrepa Biografiar og Samlingsbiografiar i ntsf.

### **04.2023 Forkortelsesangivelser i Norsk WebDewey. (se Vedlegg til sakslisten)**

Biblioteksentralen ønskjer at forkorta kodar skal vera utvida på nokre område. Dei ønskjer blant anna mange nok siffer til å skilja mellom:

- strikking og hekling
- øl og vin
- andre verdskrigen og militær historie knytt til andre verdskrigen
- Biblioteksentralen ønskjer å gjera eit arbeid her, i samarbeid med NB

Deichman utvidar uansett når dei treng det, UBO forkortar sjeldan og bruker ikkje forkortingsforslaget.

EDK anbefaler å jobba vidare med dette.

### **05.2023 Behandling av "grått" materiale. (se Vedlegg til sakslisten)**

NB stoppar katalogisering av grått materiale i eitt år. Dette inkluderer stopp i katalogisering av statlege, fylkeskommunale og kommunale dokument, og dokument frå UH-sektoren som avhandlingar og skriftseriar.

NB har lagt eit løp for å for å bruka Meteor i arbeid med metadataproduksjon for grått materiale.

EDK meiner det er viktig å skilja mellom dei ulike typane grått materiale, og at dei kan ha behov for ulike typar metadata, særleg knytt til emnebeskriving. Avhandlingar står i ei særstilling, saman med NOU og til dels skriftseriar. EDK anbefalar at ei slik inndeling blir gjort-

## **06:2023 Runde rundt bordet**

### Guro Bø, Deichman:

- Deichman har bytta biblioteksystem. Katalogiseringsverktøyet Fuge er vidareført til no, men skal erstattast av eit nytt verktøy. Så katalogavdelinga har ikkje hatt store endringar enno. Deichman har i dag 4 metadatabibliotekarar og 1 fagansvarleg.

### Hege Nenseth, Biblioteksentralen:

- Biblioteksentralen har helde på med Forrigebok, eit digital vektøy for å beskriva lesaropplevingar basert på appellfaktorar. Det er no ca. 6000 registreringar der. Systemet har no tre vokabular: for vaksenbøker, barnebøker og bildebøker.
- LibraryContent – jobbar med utvikling av dette.
- Ny alderskode «vu» for vaksenlitteratur som passar for unge vaksne (ca 16-20+), «Young adults». Den skal setjast på både ungdomsbøker og vaksenbøker som passar for denne gruppa.
- Stadregister er implementert, emne er omstrukturert litt som følgje av dette.
- Automatisk datostempling er implementert.
- Biblioteksentralen jobbar framleis med entitetsbasert katalogisering og verksregister.

### Rine Gjerken (Bokbasen):

- Bokbasen held på med nytt katalogiseringsverktøy. Det er teke i bruk for testeing. Maiken er prosjektleiar.

### Marit Kristine Ådland (Oslomet):

- Bibliotekarutdanninga er no etablert med fagval for studentane andre studieår (før var det tredje).
- Me innreier eit lite bibliotek som undervisinga i emnebeskriving vil bruka (og mange andre emne)
- Nettstudiet har eit nytt tilbod, «Grunnleggande metadata» der emnebeskriving inngår. Det går første gongen i inneverande semester.

### Vibeke Stockinger Lundetræ, UiO

- Omorganiseringa synleggjode at UBO har mange vokabular.
- Det er arbeid i gang med å bearbeida Juridiske emneord. Dette er emneord i streng som også inkluderer formtermer. UBO er i dag aleine om å bruka dette. No skal desse inn i Humord. Overlapp med Humord er på ca 40%.
- L-nummer fil fortsatt vera i bruk til hylleordning.

### Ingebjørg Rype (NB)

- På grunn av økonomien er det lite som blir sett i gang.

- Tesauros for musikk er blitt hengande etter. Dette er aktualisert fordi ein del musikk-termar kan vera nyttig i NTSF. Det er Musikkbiblioteforeininga som har ansvaret for denne, men NB vil sjå på mogelegheita for å få den ferdigstilt med evt andre middel.
- NB har enno ikkje teke stilling til forslaget til nasjonalt stadnamnregister.
- WebDewey-kurset er ferdig og lagt ut. Det er fleire enn før som kontaktar NB for å få tilgang til WebDewey, det har truleg ein samanheng med kurset.

### **07:2023 Orienteringssaker.**

- Humord formtermer og Realfagstermer inn i ntsf.
  - Arbeidet har halde på sidan i haust. Det har kome inn mange fleire henvisingar og termar/henvisingar på engelsk. NTSF inneheld no engelske termar som ikkje finst i LC sin tilsvarande tesauros, før var dette bunde. NTSF er no på 463 omgrep.
  - NB, UBO, BB og BS sit i redaksjonskomiteen,
  - Realfagstermer-formtermar står for tur for innlemming i NRSF.
  - Ibsensenteret har ein del formtermar, som og vert innlemma i ntsf. Dei kan supplera særleg på engelsk-språklege termar.
- Dewey Linked Data.
  - Ingen ny informasjon. OCLC har eit opplegg, men informasjonen er ikkje komen enno.
- EDUG-møtet.
- Humord og Norvok (prosjekt).
  - Humord har innlemma fleire vokabular dei siste åra. Det er no 15 bibliotek som bruker termene. UBO har fått prosjektmidlar frå NB og skal ta inn Nasjonalbibliotekets emnevokabular for spesialbibliografier (norvok) og NBIs emneordliste for faglitteratur (om barnelitteratur) (nbiemnfag) i Humord
- Kommende møter/konferanser
  - KORG 2023
  - IFLA

### **08.2023 Eventuelt**